



## Kyrkjemøtet

Dei elleve bispedømmeråda samla til møte.

## Kyrkjerådet

Mellomkyrkjeleg råd  
Samisk kyrkjeråd

## Bispedømmeråd

I kvart av dei elleve bispedømma veljast bispedømmeråd for ein periode på fire år. Biskopen, sju leke medlemmar, ein lek tilsett og ein prest. Dei tre nordlegaste bispedømmeråda har i tillegg ein samisk representant kvar, og Oslo bispedømmeråd har ein representant for Døvekyrkja.

## Kyrkjeleg fellesråd

Representantar frå sokneråda i kommunen, sokneprest el. prost, og ein representant oppnemnt av kommunestyret.

## Sokneråd

4-10 medlemmer + sokneprest.  
Valt for fire år.

# Kyrkjevalet 2015

## Råda i kyrkja

Kven er dei  
– kva gjer dei?





## Sokneråd

Dei første sokneråda vart oppretta i 1922. Det er i alt vel 1200 sokneråd, eitt i kvart sokn, og til saman sit 7500 kyrkjemedlemmer i sokneråd.

### Kven sit i soknerådet?

Soknerådet består av 4–10 valde medlemmer pluss soknepresten. Rådet vert valt av alle røysteføre kyrkjemedlemmer i soknet for ein periode på fire år.

### Kva oppgåver har soknerådet?

«Menighetsrådet [soknerådet] skal ha sin oppmerksomhet henvendt på alt som kan gjøres for å vekke og nære det kristelige liv i soknet» (kyrkjelova § 9). Soknerådet tek avgjerder på vegner av soknet/kyrkjelyden. Rådet skal leggja til rette for aktivitetar i kyrkjelyden, med trusopplæring, omsorgsarbeid (diakoni) og kyrkjemusikk. Vidare skal det avgjera om det skal takast opp offer (gjennomførast innsamlingar) i kyrkja, og forvalta midlane som kjem inn. Rådet skal samle dei tilsette i soknet til drøftingar om tilhøva i kyrkjelyden og aktuelle oppgåver, og elles orientera kyrkjelyden om det kristelege arbeidet i soknet.

---

Den demokratiske strukturen i kyrkja vert regulert av kyrkjelova frå 1996.

## Kyrkjeleg fellesråd

Kommunar med meir enn eitt sokn skal ha eit kyrkjeleg fellesråd. I kommunar med berre eitt sokn utøver soknerådet funksjonane til det kyrkjelege fellesrådet. Soknerådet vert då utvida med ein medlem valt av kommunen.

### Kven sit i det kyrkjelege fellesrådet?

I fellesrådet sit 1–2 medlemmer frå kvart sokneråd i kommunen, valde av dei einskilde sokneråda. I tillegg kjem ein medlem valt av kommunen og ein prost eller annan prest oppnemnd av biskopen. Fellesrådet vert valt for fire år.

### Kva oppgåver har det kyrkjelege fellesrådet?

Kyrkjeleg fellesråd tek seg av dei administrative og økonomiske oppgåvene på vegner av sokna, og dei opprettar og legg ned stillingar.

Kyrkjebudsjettet frå fellesrådet skal leggja grunnlaget for budsjettforslaget for kommunen. Kyrkjeleg fellesråd har også ansvar for bygningar og for drift og vedlikehald av kyrkjer, prestekontor og andre lokale.

Fellesrådet har ansvar for å skaffa utstyr og materiell til konfirmasjonsopplæringa. Kyrkjeleg fellesråd utarbeider mål og planar for den kyrkjelege verksemda i kommunen, arbeider for å betre samarbeidet mellom sokneråda, og fremjar sokna sine interesser overfor kommunen.

## Bispedømmeråd

Bispedømmeråda vart etablerte i 1933. Det er eit bispedømmeråd i kvart bispedømme i Den norske kyrkja.

### Kven sit i bispedømmerådet?

Rådet har desse medlemmene i kvart bispedømme: biskopen, ein prest valt av prestane, ein lek (ikkje teolog) tilsett valt av dei leke kyrkjeleg tilsette, og sju andre leke valde av medlemmene i Den norske kyrkja. Rådet vert valt for fire år og kjem saman ca. éin gong i månaden.

Dei tre nordlegaste bispedømma har i tillegg kvar sin samiske representant, medan Oslo bispedømmeråd har ein representant frå døvekyrkjelydane.

### Kva oppgåver har bispedømmerådet?

Bispedømmerådet skal fremja samarbeid mellom sokneråda og andre lokale arbeidsgrupper i bispedømmet. Bispedømmerådet tilset kyrkjelydsprestar og fordeler statlege tilskot til stillingar innanfor undervisning, diakoni og anna.

## Kyrkjemøtet

Kyrkjemøtet vart oppretta i 1984 og fungerer som «kyrkja sitt storting». Kyrkjemøtet kjem saman éin gong i året, i april, til eit møte som varer i 4–6 dagar.

### Kven sit i Kyrkjemøtet?

Kyrkjemøtet er sett saman av medlemmene i bispedømmeråda og leiaren av Samisk kyrkjeråd, og har i alt 116 medlemmer. I tillegg møter representantar for Ungdommens kyrkjemøte og representantar for dei teologiske fakulteta med tale- og forslagsrett.

### Kva oppgåver har Kyrkjemøtet?

Blant dei spesielle ansvarsområda som er lagde til Kyrkjemøtet, er lovendingar på det kyrkjelege området, planar og program for kyrkjeleg undervisning, diakoni og kyrkjemusikk, og forslag til retningslinjer for kyrkjeleg inndeling. Kyrkjemøtet skal dessutan utføra gjeremål og kome med fråsegner etter pålegg frå Kongen eller Kyrkjedepartementet.

Kyrkjemøtet vel eit Kyrkjeråd som har ansvar for det førebuande og iverksetjande arbeidet. Det valde Kyrkjerådet leier elles arbeidet mellom Kyrkjemøtet sine samlingar.

### Dei sentralkyrkjelege råda – dei tilsette

Kyrkjemøtet vel medlemmer til dei tre sentrale råda Kyrkjerådet, Samisk kyrkjeråd og Mellomkyrkjeleg råd. Sekretariatet for dei sentralkyrkjelege råda har seks avdelingar med nær 70 tilsette og førebur saker som skal til behandling i dei valde sentralkyrkjelege råda og i Kyrkjemøtet.